

To veker seinare fiskestart

26.04.2010



Olav Hjetland Bringedal: - Fiskestarten blir utsett med to veker. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fiskesesongen i Uskedalselva vil denne sommaren starta 2 veker seinare enn det som har vore vanleg tidlegare. Starten vil skje 1. juli medan han før har starta 15. juni.**

**Endringa er nyleg vedteken av årsmøtet. Det er ikkje gjort nokon endring med sesongslutt som framleis er fatsett til 15. september.**

Det er nyvald styremedlem i grunn- og elveeigarlaget Olav Hjetland Bringedal som opplyser dette til uskedalen.no

- Kva er så grunnen til nedkortinga?

- Grunnen er den enkle at fisken skal få ro til å gå lenger opp i vassdraget før sesongen opnar og fiskarane slepp til. Observasjonar går ut på at det er mindre storfisk å sjå enn før lenger oppe. Med utsetjinga på to veker vil fisken og då også dei større fiskane fordela seg jamnare i heile elva.

Vårt håp er at dette skal gjera dei mange fornøgde fiskarane som satsar på Uskedalselva enda meire fornøgde, seier Hjetland Bringedal og minnar om den positive og heller eineståande utviklinga for denne elva samanlikna med andre elvar i kommunen.

Ikkje minst fjarårsstatistikken var positiv. Då toppa vår elv med 224 laks og 282 kilo sjøaure - altså rundt rekna eit halvt tonn fisk!

Av Ola Matti Mathisen